



Voss herad

Fuel på Bømoen - status

Hans Erik Ringkjøb 30.05.2025

Moglege løysingar

- Nytt anlegg
- Framleis drift på eksisterande
- Eit mobilt mellombels anlegg

Prosess

- Minneleg ordning inkludert fuel – ikkje kome så langt
- Prøvd å få tak i fuelanlegg – lang leveringstid
- Semje om å jobba for midlertidig løysing – saumfart marknaden etter fuelanlegg – ikkje å oppdriva
- Siste fase – framleis drift på eksisterande anlegg – krevde samtykke og semje frå Bømoen AS, krevde at vilkåra kunne akseptrast av Løve Eigedom – førte ikkje fram. Enda som blindspor og veldig langsam prosess.
- Vidare siste fase – fyrste napp på eit mobilt anlegg.

Tilbakemeldingar og framdrift

- Det har tatt tid, både å sjekka ut offentlege og private aktørar som kunne levera fuelanlegg og prosess for å få til andre løysingar
- Ei løysing der Voss herad fekk til ei ordning som skissert i heradsstyret – der alt anna på Bømoen av saker vart fryst – og ein fekk ein heilt isolert mellombels avtale om å driva eksisterande anlegg førte ikkje fram. Vil til å finna ei løysing var ikkje sterk nok. Ergo luftsportsmiljøet, Ekstremsportveko og beredskap i fare.
- Siste utveg for å løysing i år – få på plass mobilt anlegg. Løve Eigedom har stadfesta at dei har eit slikt anlegg.

Utviding av ekspropriasjonsvarsel

- Oreigningslova § 28 omfattar berre disposisjonar som kan hindra, vanskeleggjera eller fordyra påtenkt ekspropriasjon. Grunneigar (Bømoen AS) kan framleis drifta og utnytta eigedommen på vanleg måte, under dette leige ut eigedommen.
- Verknaden av at grunneigar ikkje overheld disposisjonsforbodet er at det kan gjerast frådrag i ekspropriasjonsertatninga.


Utviding av ekspropriasjonsvarsel

Utviding av ekspropriasjonsvarselet til også å omfatta feste nr 7 vil:

- Ikkje hindre at saka mellom Bømoen AS og Voss fallskjermklubb vert behandla av Hordaland tingrett
- Ikkje hindre Bømoen AS i å kasta ut Løve AS
- Ikkje «frysa» dagens situasjon fram til eit eventuelt ekspropriasjonsvedtak er gjennomført eller minneleg avtale er inngått.
- Ikkje ta ifrå Bømoen AS all råderett over arealet – det er berre disposisjonar som vil hindra, vanskeleggjera eller fordyra ein eventuell ekspropriasjon som er omfatta av rådveldeavgrensinga og konseskvensen av eit eventuelt brot på disposisjonsforbodet i oreigningslova § 28 er reduksjon i erstatningsutmålinga.

Status no

- Det er utarbeidd situasjonsplan for alternativ plassering av fuelanlegg.
- Anlegget vil vera ei midlertidig løysing
- Det vert umiddelbart søkt om byggeløyve for midlertidig anlegg plassert vis a vis det gamle anlegget på Bømoen, dvs om lag på same plass som eit tidlegare anlegg har stått
- Det vert i same søknad søkt om ein midlertidig hangar for å sikra småfly dersom SARQuenn redningshelikopter må har fuel på Bømoen
- Det vert avklart kommande veke om plassering av fuel er ok for Luftfartstilsynet, ev om me må gjera andre tilpassingar



Tre sentrale tema for drift av flyplassen

- Tryggleik
- Støy
- Effektiv drift

Tryggleik

- Det avgjerande punktet!
- Situasjonsplan som vist sikrar at det er taksebane fram til fuelanlegg
- Situasjonsplan som vist sikrar plassering innan krava når det gjeld høgd på hinderfrie flater
- Det er nok areal for fly og helikopter fo å manøvera på fuelområdet
- Nærliggande bygningar og aktivitet kan sikrast

Hinderflate i høve fuelanlegg

Vy framifrån

Trædhøyden er maksimalt høyden, h , når man har gått 50 m fra startbanen.
Lutningen er 33 %.


Vi får

$$\frac{h}{50 \text{ m}} = 33 \%$$

Formeln kan vi skriva som

$$h = 50 \text{ m} \cdot 0,33 = 16,5 \text{ m}$$

Trædhøyden får alltså maksimalt vara 16,5 m.



Støy

- Ny plassering fører til lengre taksing etter fueling ergo meir støy
- Ny plassering har ikkje hangar nær seg som demper støy (skal og truleg vekk på eksisterande område)

Effektiv drift

- Plassering ved midten av rullebanen gjev lite ekstra taksing. Det er taksebane med fleire avkøyringar ved denne delen av banen.
- For beredskap/helikopter er dette sjølvsagt ikkje noko argument, dei landar der dei treng å landa
- All aktivitet (base for helikopter, base for fly, base for fallskjermklubb) er på nordsida av rullebanen. Fuel på nordsida gjev difor kortast veg frå base til anlegg.
- Fylkesvegen/hovudvegen ligg på nordsida. Enklast tilkomst når tankanlegget skal ha påfyll eller service.

Kvifor denne løysinga?

- Den enklaste løysinga - å driva dagens anlegg har ikkje ført fram
- Løysinga me no ser for oss vil utelukkande skje på område som inngår i tilleggssavtalen
- Me sikrar fuel på kort sikt, ergo sikrar beredskap, luftsport og anna verksemd
- Heradet kan setta krav til leverandør
- Endeleg plan for drift av flyplass og kvar ulike funksjonar skal vera vil bli landa i eigen prosess som ev resulterer i detaljreguleringsplan.

Kva må de ta stilling til?

- De må ta stilling til om me skal gå få skisserte avtale
- Det vil seie ei løyving til drift
- Det vil seie ei midlertidig ordning fram til ei permanent løysing er på plass. Permanent ordning vil skje gjennom reguleringsprosess og anbod på å driva fuel.
- Vårt råd er å gå for skisserte løysing. Det er ikkje lengre tid til å venta på andre moglege løysingar. Frist for å få gjennomført ekstremsportveko er sett til måndag fyrstkomande.

Vidare prosess

- Vedtak i dag.
- Møte med dei ulike aktørane for mogleg gjennomføring
- Effektuera det.
- Sala på det som trengs for å etablera eit mellombels anlegg, dersom de fell ned på ein slik konklusjon.
- Men...

Ny moglegheit, andre napp på mobilt anlegg

- Kl 10.50 i dag kontakta Olav Lægreid Voss herad
- Olav Lægreid melder at dei i dag føremiddag har fått stadfesta at dei kan få på plass eit mobilt anlegg frå 13.juni
- Dette er stadfesta på e-post – ikkje fått sakshandsama det
- Er viktig informasjon som må sakshandsamast der heradet må få vurdert kva som er til det beste for Voss herad sine interesser.
- Umiddelbart – rimelegare og med mindre konsekvensar for andre aktørar